

# Julekalender



**NYNORSKENTERET**  
NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA



**Snart er det jul.  
Vi tel ned dagane.**

# 1. desember

## Første søndag i advent



Musikk til «Tenn lys!»

finn de her

Tekst til «Tenn lys!»

finn de her




# 2. desember



Kva kan du gjere for at adventstida skal bli så fin som råd for både deg og andre?

Kanskje har du nokre koselege aktivitetar du ønsker å gjere i lag med nokon? Kanskje ønsker du å skrive julekort, lage julegåver, gå på besøk til nokon eller hjelpe til med noko heime?



# Ønske og løfte før adventstida



Dei fire vekene før jul kallar vi advent. Advent kjem frå det latinske ordet «adventus», som tyder «ei kome» (noko som kjem). Ein kan seie at vi i advent ventar på at jula skal kome. Adventskalenderen skal vere med på å telje ned dagane fram mot jul.


Kva med å fylle desse dagane med noko ekstra? Kva kan du gjøre for at adventstida skal bli så fin som råd for både deg og andre? Kanskje har du nokre koselege aktivitetar du ønsker å gjøre i lag med nokon? Kanskje ønsker du å skrive julekort, lage julegåver, gå på besøk til nokon eller hjelpe til med noko heime?

- Skriv inn løfta og ønska for adventstida i hjartet under.
- Klipp det ut og heng det opp ein lur stad. Kanskje over senga di?



Skriv inn løfta og ønska du har for adventstida, i hjartet.

Klipp ut hjartet og heng det opp ein lur stad. Kanskje over senga di?



**3. desember**

Kva ønsker eg meg til  
jul?

Kva treng eg?

Kva ønsker eg for  
andre?



# Ønskeliste

NAMN:

EG ØNSKER MEG

EG TRENG

KLEDE EG ØNSKER MEG



BØKER EG ØNSKER MEG

FAVORITTANE MINE

DETTE ØNSKER EG FOR  
NOKON ANDRE DENNE JULA

FARGE:

SMAK:

AKTIVITET:

FILM:

BOK:

# Lag di eiga ønskeliste.



## Heng opp lista heime, slik at andre kan sjå kva du ønsker deg.



4. desember

Skriv fire adjektiv som  
seier noko om kven du er.

Teikn favorittretten din  
og ein av venane dine.

Ikkje skriv namn  
på arket. Ta vare  
på det. Vi skal  
bruke det i  
morgen.

# 5. desember



# Snøballkamp i klasserommet




Finn fram arket du skreiv i går.

Krøll arket saman til ein snøball.




Klar, ferdig, gå! Snøballkrig i 30 sekund.

Plukk opp kvar sin snøball.

Finn ut kven som har skrive snøballane.



# 6. desember





# Gjett motivet

Du får no eit ark med mange bilete.

Du skal beskrive biletet med adjektiv for læringsvennen din.

Læringsvennen skal gjette kva for eit bilet du tenker på, og peike på kva for nokre delar av biletet du beskriv.

# Eksempel



På biletet ser eg eit mjukt, hårete, søtt dyr med svart, brun og kvit pels.

Auga til dyret er grønbrune og store. Nasen er lysebrun, og ut av dei spisse øyra stikk det lange, kvite hår.

Under haka har dyret heilt kvit pels.

Under dyret ser vi noko raudt og søtt, som vi vanlegvis puttar i munnen.



# 7. desember





«Juletroll» av Theodor Kittelsen, 1907

Theodor Kittelsen 1907.

# 8. desember

Andre søndag i advent



Musikk til «Tenn lys!»

finn de her

Tekst til «Tenn lys!»

finn de her




# 9. desember



# Trill juleord

De skal no kaste terning og  
skrive juleord.



# Trill juleord


- 1 peparkake
- 2 julesong
- 3 luciatog
- 4 juletre
- 5 juleverkstad
- 6 ønskeliste
- 7 adventskalender
- 8 snømann



Start med ord nummer ein. Trill ein terning og gjer det som auga på terningen viser. Når du har gjort det, går du til neste ord:

	Skriv ordet så fint du kan, tre gonger.
	Skriv ei kort forklaring på kva ordet betyr.
	Skriv to fullstendige setningar der ordet er med.
	Skriv kva vokalar du finn i ordet.
	Bruk ein del av ordet til å lage tre nye ord.
	Du kan hoppe over dette ordet og begynne med neste.

Kanskje du kan henge opp  
juleorda i klasserommet ?



**10. desember**

# Vintersolkverv

Lytt godt til det læraren din les om vintersolkverv.

Kva er dine vintergleder?

Skriv 1–3 korte setningar om kvardagsgleder for deg når det er vinter.

Vintersolkverv



Vintersolkverv er dagen der perioden med dagslys er kortast. På den nordlege halvkula er det vintersolkverv 21. eller 22. desember, og etter den dagen vert perioden med dagslys lengre for kvar dag. I mange kulturar er det vanleg å feire vintersolkverv for å markere at det går mot lysare tider.

Vinter kan vere hutredagar med kulde som svir i kinna, gnistrande vintersol og kalde hender rundt ein varm kopp. Vinteren kan vere ei tid for ro, for å hente seg inn, trekke pusten. Kvardagane kan verke kortare, men dei kan fyllast med det som er godt. Kva er dine vintergleder? Ta eit digitalt biletet av deg i vinteren. Skriv 5–10 korte setningar, på papir eller digitalt (til dømes i Book Creator), om kvardagsgleder for deg når det er vinter. Del med klassen, gjerne i form av ei utstilling eller framlegg. Gjer deg flid.

Vinterkvardagsgleder kan vere:

- Ei kjensle av at kvelden er lang og roleg. Hei, sofa – med godt samvit!
- Å lese bøker. Å spele spel. Saman. Eller aleine.
- Å strikke.
- Å bake.
- Å fiske.
- Ei kjensle av ein ny start ved nytt år.
- Å sjå snøen eller regnet falle frå lyset av gatelyktene.
- Å ligge under dyna og høre på vinterstormane.
- Å vakne til den første snøen. Å springe ut og fange snøstjerner med tunga.
- Lyden av fyr i omnen eller peisen. Ei kjensle av varme i huset.
- Å sjå på stjernehimmelen.
- Å høre at det knasar når ein går på iskald vintersnø.
- Varme ullsokkar.
- At dyra får tjukk vinterpels og vert ekstra gode å kose med.
- Musikkglede.
- Å vere ein venn.
- Lyset om vinteren. Klart og vart.
- Ski og skøyter. Akebrett og spark.

# 11. desember




# Julespå


Skriv eigne spådommar  
eller kjekke utfordringar i  
dei tomme rutene.

Klipp ut og brett spåen.

Spå kvarandre



# 12. desember



# Stjernebilete

Dei fleste stjernene vi kan sjå på himmelen,  
er veldig gamle. Ei stjerne kan verte meir enn  
10 milliardar år gammal.



# Karlsvogna

Stjernebiletet Karlsvogna  
blir danna av dei sju mest  
lyssterke stjernene i  
stjernebiletet Store bjørn.



# Stjernekikkert

- Mål dorullen blå. Tørk.
- Ta folie rundt toppen, fest med strikk.
- Legg den spegelvende malen på folien. Stikk hol ved kvar prikk.
- Pynt kikkerten med stjerner.
- Sjå mot lys gjennom kikkerten.



## Stjernebilete



**Mål:** Skaparglede, engasjement og utforskning. Respekt for naturen. Tverrfagleg kompetanse.



**Utstyr:** Dorullar, ein bit aluminiumsfolie, ein mal til Karlvogna, ein strikk, ein svart tusj, ei knappenål, kvit og blå akrylmåling, ein pensel, stjerneklistremerke, ei lommelykt.

Ifølgje Bibelen såg tre vismenn ei heilt ny stjerne som synte seg på himmelen. Denne følgde dei og fann Jesusbarnet. Dei fleste stjernene vi kan sjå på himmelen, er veldig gamle. Ei stjerne kan verte meir enn 10 milliardar år gammal. Kva tykkjer de er fint med stjerner?

Karlvogna er eit stjernemønster som vert danna av dei sju mest lyssterke stjernene i stjernebiletet Store bjørn.

### Lag din eigen stjernekikkert

Mål dorullen blå med litt kvit og blå akrylmåling. La det tørke. Ta folie rundt toppen av eine dorullende og tett att opninga. Deretter legg du malen med stjernebilete på folien som dekkjer opninga av rullen, og stikk hol med ei knappenål på kvar prikk. Fest folien betre med ein strikk. Skriv namnet på stjernebiletet på kikkerten og pynt med stjerneklistremerke. Dersom du lyser med ei lommelykt inn i den opne enden av kikkerten, vil du sjå stjernebiletet på bakken. Hugs at dersom du vil lage verkelege stjernebilete, må du lage dei spegelvende på stjernekikkerten for at det skal verte rett når du lyser mot bakken.





13. desember


# I dag er det Lucia-dagen

På luciadagen er det mange barn som tek på seg kvite klede, har glitter i håret, og går i tog.

Den som går fremst i toget, har ofte på seg ei krone med lys, og skal minne om helgenen Lucia.



# Les teksten om Lucia saman, og fyll inn rett ord i setningane.



tog helgen lussekattar desember krone

Lucia-dagen vert feira den 13.

Lucia er ein

På Lucia-dagen er det mange som et

Mange barn går i \_\_\_\_\_ på Lucia-dagen.

Lucia har ei \_\_\_\_\_ med lys på hovudet.

# Gå på ordjakt

Orda kan vere skrivne  
både loddrett og  
vassrett, men ikkje på  
skrå.


K	R	O	N	E	G	U	L	G	P
S	Y	F	O	G	Ø	T	U	N	I
T	I	T	P	L	D	S	C	A	D
P	J	R	A	O	H	I	I	T	Y
Æ	L	U	S	S	E	K	A	T	T
R	Y	L	Y	O	L	M	K	Y	O
M	S	E	N	G	G	O	R	B	G
O	M	E	Ø	R	E	Å	O	V	K
K	N	H	P	F	N	V	F	L	S
D	E	S	E	M	B	E	R	E	S

Lucia  
natt  
lys  
lussekatt  
helgen  
desember  
krone  
tog

# Brettefigurar

Brett arket, og klipp ut figuren. Pass på å ikkje klippe dei stipla linjene, der figurane heng saman.

Heng opp Lucia-remser i vindauget i klasserommet.



# Syng Lucia-songen

Nynorsk Lucia-song finn de i  
[songboka til Tunkatten.](#)



# 14. desember





«Norsk juleskikk», 1846  
Adolph Tidemand

# 15. desember

Tredje søndag i advent



Musikk til «Tenn lys!»

finn de her

Tekst til «Tenn lys!»

finn de her



# 16. desember




# Juletredikt




Eit figurdikt er eit dikt som er forma som tinget eller gjenstanden diktet handlar om.

Dikta vi skal skrive no, skal vere forma som eit juletre. Dikta skal også handle om juletre.



Når ein skal skrive eit figurdikt med temaet juletre, kan det hjelpe å starte med å skrive ned alle orda ein kjem på som handlar om juletre.

Lag gjerne ein ordbank på tavla. Desse orda kan de bruke i dikta dykkar.



**17. desember**



# Mitt skip er lasta med ... – ord som byrjar med jul!

Den første eleven seier eit ord som byrjar med jul, til dømes julekule. Neste elev gjentek: «Mitt skip er lasta med julekule og jule...».

Kor mange ord greier dokker å hugse? Kva er spesielt med desse orda? Korleis er dei bygde opp? Korleis skriv vi slike samansette ord?


# 18. desember



# Festar som høyrer jula til

Lytt godt til det læraren din les om julebukk og juletrefest.

Snakk saman om innhaldet i teksten. Kan de  
kome på om vi har liknande tradisjonar i  
dag? Er alle i jula?



## Festar som høyrer jul til



## Julebukkar i 1921.

Foto: Haakon Garaasen / Anno Trysil Engerdal museum

## Gå julebukk


Å gå julebukk hører med til dei gamle juletradisjonane våre. Ifølgje norsk overtrø var julebukken ein av dei fryktelege deltakarane i Oskoreia, som for gjenom lufta i tida før jul og spreidde skrekks kvar ho viste seg.

Romjula, frå andre juledag, er tida for å gå julebukk. Då er den mest høgtidelege delen av jula over. I gamle dagar var det skikk å kle seg ut så ein mest mogleg likna ein geitebukk. I dag er det vanleg at borna kler seg ut med det ein har i klesskapet, tek med ei korg og går ein runde i nablaget. Julebukkane syng gjerne ein julesong når dei kjem på døra. Sjølv om mykje er forandra, er skikken med å gi julebukkane litt julegodter, ikkje forandra.

## Juletrefest

Juletrefest er ein offentleg fest som vert halden i romjula eller på nyåret, opp mot trettandedagen. Juletrefestar vert ofte arrangerte som ein dugnad eller av ein komité. Det blir servert julekaker, saft/brus og kaffi. Det er ofte leikar og konkurransar, juletregang med synging av julesongar, og besøk av nissen som deler ut godteposar til borna. Det kan vere andakt og skodespel.

# 19. desember



# Julebingo

Fyll bingo-arket ditt med  
juleorda frå lista på neste side.

Spel julebingo saman.



Julebingo




juletre

engel

krubbe

graut

kyrkje

song

shop

julekule

kakemann

gjetar

stjerne

hjarte

julenisse

gåve

familie



20. desember

# Syng ei juleforteljing



## Syng ei juleforteljing

På Tunkatten si songbok finn de notar, lydfiler og innspelte songar, mellom anna «Mi aller første juleforteljing» av Lois Rock/Oskar Stein Bjørlykke og Gaute Øvereng. Denne songen er ein fin måte å lære om den kristne juleforteljinga.

Øv på songen, bruk teksten og/eller lydfila som ligg her:  
<https://www.tunkatten.no/songbok/advent-og-jul/>


### Tips 1: teikne songen

Snakk om teksten i songen. Kven handlar versa om? Vel ei av dei tre «scenene» i songen og teikn henne:

- Maria, Josef og Jesusbarnet i krybba
- Gjetrarar, sauher og englar
- Tre vise menn som kjem med gaver

### Tips 2: animasjonsfilm

Songen er også ei fin ramme for å lage ein animasjonsfilm med teikning, lego eller andre figurar.



# 21. desember





«Fiskerens juletre», 1908

A.B. Wilse, Nasjonalbiblioteket



«Ut og finne juletre», 1909

A.B.Wilse, Nasjonalbiblioteket

# 22. desember

Fjerde søndag i advent



Musikk til «Tenn lys!»

finn de her

Tekst til «Tenn lys!»

finn de her





**23. desember**



«Glade jul», 1891  
Viggo Johansen

24. desember



[https://www.nrk.no/video/ruth-lillegraven-leser-juledikt\\_241832](https://www.nrk.no/video/ruth-lillegraven-leser-juledikt_241832)